

# Preike v/ Walter Altmann fra São Leopoldo/RS/Brasil ved opninga av Kyrkjemøtet

**Dr. Walter Altmann er visepresident i Den evangelisk-lutherske kirke i Brasil og deltar på Kirkemøtet i anledning av at Den norske kirke har samarbeidsavtale med denne søsterkirken.**

## 1. Mosebok 50, 15-21

Kjære systre og brør, kjære Kristi familie.

”Er eg i Guds stad?”

Dette er eit spørsmål som er både urovekkjande og utfordrande. Samstundes trøyter spørsmålet som Josef stiller til sine brør.

”Er eg i Guds stad?”

Som ei kyrkje av reformasjonen vert me minna om eit teologisk motto som Luther framheva. Dette mottoet leier oss til å tolke tru og etikk: ”Lat Gud vere Gud!”. Frå si eiga røynsle kjende han godt til den grunnleggjande freistinga for menneske og institusjonar som arbeider for setje seg sjølv i Guds stad, og då alltid i den dømande Guds stad. ”Lat Gud vere Gud!” er eit frigjerande ord, sidan Guds allmakt er allmakta i Guds kjærleik til menneska.

Josef spør: ”Er eg i Guds stad?”

Ein har merka seg kor verdsleg heile soga om Josef kling i Mosebøkene. Her finst ikkje mange tilvisingar til Gud. Men spørsmål lik ”Er eg i Guds stad?” gjer oss merksame på mogleikar og oppgåver som nettopp liggjer innafor soga til menneska, innafor kvardagslivet. Dei er sfærene kor me lever liva våre i fridom og ansvar. Men livet faldar seg alltid ut foran Gud, og Guds allmakt vert ikkje rørt.

Ein kunne vise til at Josef sitt spørsmål ”Er eg i Guds stad?” viser til Guds kunnjing frå 5. Mosebok 32, 35 ”Hevnen er min”. Men det kan også hende at Josef, ved sida av å vite av Guds allmakt alle menneske må respektere, også kjenner til at han er sett i stand til å leve ut den kjærleiken som overskrider hevn. Han har ei djupare forståing av kven Gud er. Guds nåde

varer i tusen ætteleder, vert me gjort kjend med andre stader. Utan at det er mogleg med ei samanlikning: Kjærleik er større enn hevn.

Men lat oss sjå nærare på teksten vår. Me leste forteljinga på tre ulike nivå.

Først på nivået til relasjonar mellom personar. Me kjenner forteljinga alt frå barndomen av. Me elska henne. Sjølvsgagt er det ei dramatisk forteljing: Brørne til Josef er avundsjuke på at faren held han for å vere gjævare enn dei. Dei planla å drepa han, men enda opp med å selja han som slave. Men Gud vernar han. Etter å ha kome til Egypt tolkar han draumen til Farao, og openberrar at det vil kome sju år med ovhard naud etter sju år med overflødig grøde. Han er sett til å vere styrar mellom dei som hadde tilsyn med å lagre grøda for uårstida. Slik kunne han tene, ikkje berre det egyptiske folket, men også sin eigen familie. Me er no ved slutten på forteljinga. Faren hans døyr. Vil Josef no ta hemn på brørne sine? Han har makt til å gjere det. Han har rett til å gjere det. Eg gjentar: Han har makt til å gjere det. Han har rett til å gjere det. Men han velgjer derimot tilgjeving og forsoning.

Eg sa at for mange av oss var denne forteljinga sannsynlegvis ei av favorittforteljinga i Bibelen då me var born. Ho verka kjend, trass i det dramatiske innhaldet. Me kunne også fortelje om liknande erfaringar: Misunning og krangel mellom brør og systre. Favorisering i foreldra sin kjærleik. Me vert også minna om liknande høve i ålmenne mellommenneskelege relasjonar: På skulen, på arbeidsplassen, i det sosiale livet. Ja så menn, tilgjeving og forsoning er mykje betre enn hemn i alle desse livsområda. Kor ofte skal me tilgje? Sju gonger? Nei, sytti gonger sju, seier Jesus til Peter. Det vil seie: Det finst ikkje grenser for tilgjeving.

Lat oss ta eit andre blick på forteljinga. Lat oss lese teksten ”politisk”, som du kanskje vil kalle det. Det vil seie: Er ikkje forteljinga sett inn i ein større samanheng av politiske relasjonar, ikkje berre mellommenneskelege relasjonar? Josef hadde jo eit høgt politisk embete. Nytta han stillinga si for å gje spesielle privilegjar til familien? Det vil seie: Misbrukte han makta si til private føremål? Eller openberra han dei same verdiane mot brørne som dei han så lenge sidan hadde erkjent som essensielle for eit politisk embete?

Svaret er ikkje sjølvsgagt. Me kjenner til tankerekka: Når du er i den politiske sfæra og møter den harde røyndomen i interessekonfliktar. Viss du ynskjer å tene andre i politikken må du vere budd på å nytte makt for å setje planar ut i livet på ein effektiv måte. Du er kasta ut i konfliktar der du må stå imot urettmessig press, og ta harde og vanskelege vedtak. Viss ikkje, opnar du døra for kaos. Du kan ikkje handsame desse konfliktane på grunn av tilgjeving, men du må bruke makta til lova og, dersom det er naudsynt, nytte tvangsinstrument for å sikre fred og ein rettferdig orden.

Det er utan tvil mykje sanning i ei slik tankerekke. Men er det *sanninga*? Me kjenner til – og det norske folket erfarte dette på ein dramatisk måte under okkupasjonen av Nazistane – kor farleg denne tankerekka er dersom ho vert teken til sin ytterste konsekvens: Å anta at det eksisterer to uavhengige, autonome ”riker” kor røyndomar og verdier skil lag, kort sagt: Kor politikk og økonomi ikkje vert utfordra av Guds ord, av Guds vilje. Er det ikkje slik at kjærleik, tilgjeving og forsoning må vera dei vidaste og ytterste horisontane – og difor også det avgjerande kriteriet – for alle menneskelege relasjonar og område, utan unntak, dersom dei skal tene menneske i deira konkrete naud?

Vil ikkje det sjølvkritiske spørsmålet ”Er eg i Guds stad?” tene som ein påminnar om at du som har makt i politikk, i økonomi, i kva område som helst, du må underordne deg ein autoritet som høgare enn deg sjølv? Og bruken av autoriteten din vil målast, rettleiast og dømmast av denne ytterste autoriteten. Kva ville hende om alle politiske og økonomiske avgjersler som vart tekne idag kunne starta med dette sjølvkritiske spørsmålet av dei som tek desse avgjerslene: ”Er eg i Guds stad?” Ville det ikkje leie til, til dømes, å unngå det enkle argumentet om at gjeldsslette for fattige land ikkje er realistisk, ikkje mogleg, ville øydeleggje orden i verdsøkonomien osv, for så å anta at å nytte milliarder på krig frå ein dag til ein annan er svært mogleg og uunngåeleg?

Ville ikkje spørsmålet ”Er eg i Guds stad?” vere høgst naudsynt for å revurdere implikasjonar og moglege konsekvensar for å ta avgjersler og handlingar på ein annan måte? Ein ytterste forsoningshorisont kan også opne augene for ei betre forståing av dei djupe årsakane til vald i verda i dag, og auke viljen til å seie kva årsakane er meir tydeleg og overtlydande. Det gjeld t.d. å utslette verdas svolt og fattigdom, eit relativt mogleg mål sett frå den tekniske sida. Dette spørsmålet bringer ei permanent oppgåve foran oss: Å sjå etter moglege og naudsynte alternativ for å sikre fred, rettferd og vørndad i relasjonar mellom nasjonar og folk.

Lat oss sjå på det tredje nivået av lesinga vår av den bibelske forteljinga: Det kyrkjelege området.

Du er trufast mot å engasjere deg økumenisk i forsøka på å overvinne alle former for vald, anten det skjer på det personlege plan, i familien, i fellesskapet eller i internasjonale relasjonar. Ja, så menn er dette mellom det viktigaste i dag. Kan ikkje Josef hjelpe oss med dette?

Det latin-amerikanske kyrkjerådet feira den 4. generalforsamlinga sist Januar i Barranquilla, Colombia. Der som her forplikta dei latin-amerikanske kyrkjene seg sjølv til å vere del av det økumeniske programmet for å overvinne valden. Midt i røyndomen til vald, lidning og død – han som i Colombia så tragisk har vorte ein del av kvardagen – kom generalforsamlinga saman under mottoet:

”Fri til å byggje freden”.

Me kunne sjølvsagt ikkje forutsjå at samme år ville dette mottoet få ei ny og dramatisk aktuell meining, dersom du tenkjer på verdsscena etter den 11. september. Då eg tala på opningsgudstenesta ved generalforsamlinga minna eg om eksemplet som det sør-afrikanske folket og Nelson Mandela har gjeve oss. Dei hadde verkeleg ”gode” og ”rettmessige” grunnar for å kreve hemn etter lang tids terror. Dette vart sett i scene av eit system som var utan nåde og undertrykte folk på grunn av rasediskriminering. Her er meir: Frykta for den sokalla ”forutsette” og ”uunngåelege” valdelege hemna frå dei svarte så snart dei kom til makta var eit mektig hinder for å vinne over apartheid-systemet i mange år. Men det var ikkje hemn som leidde det sør-afrikanske folket, men forsoning. Forsoninga har ikkje vore enkel – og difor heller ikkje falsk – men ho har alltid gått hand i hand med erkjenning av sanninga og etablering av rettferd. Du kan seie at Nelson Mandela heile tida hadde spørsmålet ”Er eg i Guds stad?” føre. Og han erkjente at han sjølv var ein person som tente folket sitt i deira naud. Forresten, det er interessant å sjå kva Josef seier til brørne sine mens han seier frå seg retten til å hemne eller å gjere dei til slavar: ”Ver ikkje redde! Eg skal syta for dykk og borna dykkar.” Ein annan oversetjing lyder: ”Eg vil syta for dykk i all naud.”

Forresten, kor viktig var det at Nelson Mandela kom til Harare, til den siste generalforsamlinga i Kyrkjenes Verdensråd for å takke kyrkjene for deira vitnemål og teneste i Sør-Afrika? ”Er eg i Guds stad?” er eit spørsmål som må reisast heile tida, i kyrkjene óg. Og svaret må vere: Me er slett ikkje i Guds stad. Ingen kan ta plassen til Gud. Men bøna vår må vere: Lei oss ikkje ut i freisting, ut i freistinga om å nå Guds stad. Me kan derimot vere vitner *for* Gud – vitner i ord og handling. For eit fantastisk høve! Me kan vise til Guds nåde og gjere henne med våre eigne liv. ”Kjærlichkeit er lysets kilde, kjærlichkeit er livets rot” kan me syngja. Me kan rope etter Guds rettferd. Verda treng den vide horisonten av forsoning, sanning og rettferd kanskje meir enn nokon gong etter 11. september. Kyrkjene er kalla til å vere vitner om denne ytterste røyndomen som kan og skal rettleie avgjerslene og handlingane i dag. I Kristus har all terror og død vorte overvunne. Det trengs ikkje fleire offer. Atter ein gong sungen me vil syngja: ”Derfor med Guds-kjærligheten vokser opp om kapp Guds-freden. Vi skal også bli ved den ett med sjelens beste venn.”

Me er ikkje i Guds stad. Me forkynner: Det er berre ein Gud, skapar av himmel og jord. Og me venter ein ny himmel og ei ny jord kor rettferd og fred råder. Amen.